

Sak 27-20 Samarbeid-samanslåing av RIR/ÅRIM/SSR/VØR

Tilråding til vedtak:

1. Styret tek rapportane frå Lin advokater og Norwaste AS til orientering.
2. Styret ser det som positivt om SSR koplarseg på prosessen saman med RIR, Årim og VØR, og vil vente med vidare utgreiing til det formelt er avklara.

Saksutgreiing:

Dei daglege leiarane i RIR, ÅRIM og VØR saman med DL i Bingsa Gjenvinning AS og representant for dei tilsette i dei tre IKS selskapa, har hatt ansvaret for det utgreiingsarbeidet som til no er utført.

For å gi styre, representantskap og eigarar eit nøytralt og godt bilete av situasjonen i selskapa, var det bestilt tre ulike rapportar for å samanlikne selskapa.

RBM-19 (renovasjonsbenchmarking 2019). Styret får seg framlagt presentasjon av denne i sak 26-20. Denne ligg ikkje føre som endeleg enno, men ein kan seie at dei førebelse resultata syner tre selskap som vert meir og meir like i prestasjonar overfor innbyggjarane.

Lin advokater v. Hanne Torkildsen fekk i oppdrag å vurdere juridiske og selskapsrettslege sider ved ei organisering av eit nytt selskap. Vi bad i tillegg om forslag til løysing for næringsdelen i selskapet, då det punktet synte seg å vere komplisert ved stiftinga av ReMidt IKS. (14 kommunar og tre renovasjonsselskap som høyrer heime på Nordmøre og i Sør Trøndelag slo seg saman frå sist nyttår til ReMidt IKS)

Vanskane i ReMidt oppstod når verddivurderinga skulle gjerast i dei tre selskapa.

Her nemner Torkildsen ein modell der det nye IKS selskapet eig ein mindre del av selskapet, og der kommunane eig resten utifrå rekneskapstekniske verdiar i selskapa.

Slik unngår ein både alternativet der einskilde kommunar med låg næringsaktivitet må skyte inn kapital for å få lik inngangsverdi pr. innbyggjar med dei som har høgst verdi og at kommunar med høgst verdi må gi frå seg verdiar.

Norwaste rapport har analysert selskapa utifrå miljø og logistikk og kvar potensialet til effektivisering er. Rapporten tar og opp kva utvikling renovasjonsbransjen må tilpasse seg i tida fram mot 2030, ved at rapporten tar fram konsekvensane av EU sin sirkulærøkonomi satsing, og regjeringa sin Klimakur 2030 melding.

Rapporten frå Norwaste er etter mitt syn sjeldan god både om no situasjon og framtid, og vil vere eit godt hjelpemiddel når vi skal gjere vegval framover. Samanslåing eller ikkje.

Rapporten syner at innbyggjarane i Volda og Ørsta leverar på nasjonale krav i 2019, og det er gledeleg. Men med endra målemetode for materialgjenvinning alt frå 2023, må VØR vere i gang med nye tiltak seinast frå 2022.

Vedlagt er og ei enkel matrise som fortel litt om dei fire selskapa.

SSR

Årim har fått tilbakemelding om at representantskapet i SSR har bedt om at selskapet melder seg på prosessen. Vi vurderer det som positivt.

Ein kan ikkje rekne med tilbakemelding før styret i SSR har handsama spørsmålet. Truleg tidlig i haust. Ved eit eventuelt ja, så må det avklarast om vi treng tilsvarande analyser av SSR som vi har av dei andre selskapa, før ein kan gå vidare.

Bingsa Gjenvinning AS. (BG)

Selskapet har vore med i det utgreiingsarbeidet som er utført fram til no. Selskapet utfører dei fleste og dei same oppgåvene som det RIR sitt anlegg i Årødalen gjer.

RIR er innstilte på å gå inn i eit eventuelt nytt selskap med sine aktiva og avfallsmengdene dei rår over, fordi ein stor del av poenget med samanslåinga, er å få nok avfallsvolum til å etablere regionale


handsamingsanlegg. Frå eigarsida i RIR er det derfor presisert at BG må likehandsamast med RIR, og at dette er noko Ålesund kommune må avklare før ei eventuell samanslåing kan realitetshandsamast.

Orientering til representantskapet

Dei tre selskapa som står bak utgreiinga, legg opp til felles fysisk presentasjon for representantskapa i slutten av august i Ålesund. Dato er ikkje spikra, men fredag 21 august er nemnt. Representantskapet sine medlemmer i dei andre selskapa er gjerne ordførarar og eller varaordførarar, og for VØR som ikkje har det slik, vil det kanskje vere naturleg å invitere dei med. Det må styre / representantskapsleiar ta stilling til.

På orienteringsmøtet legg vi opp til at Hanne Torkildsen frå Lin advokater og Henrik Lystad frå Norwaste vil delta for å presentere det som er framkome og svare på spørsmål.

Det som vidare kjem i denne saka, er ÅRIM sin saksutgreiing til sitt styremøte 27 mai, som eg synes drar ut det sentrale i rapportane som er levert så langt.



Petter Bjørdal
dagleg leiar

Vedlegg:

Styresak 22/20 i Årim. 6 sider.

Organisering av RIR/ÅRIM/SSR/VØR. 2 sider.

Lin advokater: Selskapsorganisering og sammenslåing av avfallsselskaper. 24 sider.

Norwaste rapport 1-2020.Samanslåing RIR Årim og VØR. 51 sider.


- 1) Styret ber administrasjonen, i samarbeid med andre berørte selskap, om å få utforma ei vurdering av dei faglege, økonomisk, juridiske og administrative konsekvensane av ulike former for samarbeid mellom renovasjonsselskapa i regionen.
- 2) Konsekvensutgreiinga bør utarbeidast av eksterne fagmiljø.
- 3) Styret ønskjer å behandle utgreiingsprogrammet for konsekvensutgreiinga før dette blir fastsett.

«Bestillingane» til konsulentane blei presiserte i styremøtet 11. mars 2020.

Det ligg no føre følgjande rapportar, desse ligg ved styreinnkallinga som eigne dokument:


a) Renovasjonsbenchmarking 2020 – førebels rapport

Renovasjonsbenchmarking er ei nasjonal ordning for samanlikning av medlemmene i AvfallNorge. Per 20. mai er rapportane basert på 2019-tala til ÅRIM og VØR tilgjengelege, rapporten for RIR er venta om kort tid. I figurane under er difor 2018-tala til RIR nytta i ei samanlikning med ÅRIM sine tal for 2019. Under blir «radardiagramma» gjengitt; desse innehalder eit komprimert samandrag av rapportane. Dei vanlege samandraga i benchmarking-rapportane kan for mange framstå som litt meir lettlesle.



Denne figuren oppsummerer VØR19's prestasjoner på de viktigste resultatområdene relativt til de andre. Områdene motvirker hverandre og 'riktig' score er avhengig av virksomhetens prioriteringer. Middels eller høyere enn middels resultat ble oppnådd på 3 av 7 områder. Prestasjonsnivået var bedret siden 2017 (VØR17). VØR19 var blant de med høyest score på arbeidsmiljø og miljøstandard.

* Kundemålingen ble utført i Tidspunkt for målingen



Figuren til venstre viser sammenlikningen med RIR18. Den balanserte målskiven viser at ÅRIM19 hadde både sterkere og svakere prestasjoner sammenliknet med RIR18. ÅRIM19 var bedre enn RIR18 på bl.a. systemeffektivitet, men var svakere enn RIR18 på bl.a. kundetilfredshet.

Benchmarkingsrapportane er eit viktig kunnskapsgrunnlag som vil bli nytta til å samanstille meir detaljerte samanlikningar av selskapa i det vidare utgreiingsarbeidet.

b) Selskapsorganisering og sammenslåing av avfallsselskaper. Juridisk notat.

Advokat Hanne Torkelsen i LIN advokatfirma har i sitt notat skissert alternative selskapsmodellar og selskapsform for å ivareta eigarskap og effektiv drift ved ei eventuell samanslåing. Tilhøvet til selskapslovgivinga, anskaffelsesregelverket, konkurransereglane, statsstøtteregelverket og sjølvkost er noko av det som er vurdert.


Det går fram av rapporten at EØS-reglane krev at konkurranseutsatt verksemd er tydeleg skilt frå kommunal sjølvkostaktivitet. Det er ikkje lov å subsidiere konkurranseutsatt verksemd, til dømes i form av kommunale garantiar. Ei kostnadsfordeling som fører til at næringsdelen ikkje tek sine forholdsmessige delar av kostnadene kan også vere ulovleg kryssubsidiering eller ulovleg offentleg støtte. Torkelsen strekar difor under at det er viktig å skilje mellom næringsavfall (kommersiell verksemd) og hushaldsavfall (sjølvkostverksemda).

Eit slikt skilje kan både gjerast i form av eit rekneskapsmessig skilje (som ÅRIM praktiserer i dag) eller gjennom eit selskapsrettsleg skilje. Korleis dette skiljet skal gjennomførast er ei vurdering i kvart enkelt tilfelle; Torkelsen beskriver dette slik: «Hvordan skillet skal gjennomføres avhenger av i hvilken grad man mister muligheter til samproduksjon og stordriftsfordeler. Det bør unngås at ressursene ikkje blir utnyttet i best mulig grad, for eksempel slik at ledig kapasitet forblir uutnyttet.»

Torkelsen drøftar fleire modellar for eit samanslått selskap, men konkluderer med at den modellen som blei vald i ReMidt IKS framstår som ein gunstig modell også for vår region. Modellen med eit hushaldsselskap som er IKS med eigarskap ut frå innbyggjartal ivaretar behovet for demokratisk kontroll, samstundes som det er overdratt så mykje mynde til selskapet at det får nok autonomi til å løyse oppgåvene på best mogleg måte for eigarane.

Det er vidare oppretta eit eige næringselskap der ReMidt IKS eig 20 %, eigarkommunane eig resten direkte. Eigardelen er her basert på ei verdivurdering i forkant. Denne modellen gjorde

det mogleg for alle eigarane å gå inn i ReMidt-samarbeidet utan store kontantinnskot, noko som er relevant også for situasjonen i vår region:



c) Tekniske vurderingar

Norwaste AS har gjennomført ei vurdering av avfallsmengdene i regionen og gir ei god oversikt over utfordringsbildet for bransjen og regionen for å få auka materialgjenvinning og meir kundetilpassa tenester innan avfallshandtering. Rapporten viser også til kva som framstår som potensial for auka gjenvinning og kva som bør vere aktuelt for vidare utviklingsarbeid for selskapa i regionen. Norwaste omtaler i sin rapport desse oppgåvene som har eit potensial for vidare utvikling:

Oppsamlings- og innsamlingsmodellar

Det er eit potensial for effektivisering gjennom harmonisering både av drift av innsamlingstenestene og innføring av felles henteordningar for avfall i alle selskapa (fjerne dei forskjellane som finst i dag).

Også innan digitalisering er det eit stort potensial for utvikling. Norwaste nemner her både RFID-teknologi for registrering av alle dunkar og kopling til gebyrmodellen og bruk av sensorar til å planlegge tømning av oppsamlingseiningar ut frå faktisk nivå.

Ettersorteringsanlegg for restavfall

Norwaste viser til at ettersortering av restavfall er eit supplement til kjeldesortering, ikkje ei erstatning. Uavhengig av teknologi for ettersortering, vil eit anlegg vere avhengig av at det er kjeldesortert ut mest mogleg papp, papir, glas, tekstil og matavfall av restavfallet på førehand. Miljødirektoratet har imidlertid, på grunn av for dårlege resultat frå kjeldesortering av plast, uttalt at ettersortering av restavfall vil vere nødvendig for å nå EU sine krav om materialgjenvinning.

Norwaste peikar på at å leggje eit sorteringsanlegg i tilknytning til forbrenningsanlegget til Tafjord Kraft vil kunne gi synergjar med auka tilfang av avfall for begge anlegga. Dette må imidlertid greiast ut både industrielt og juridisk.

Biogassanlegg for matavfall og husdyrgjødsel

Norwaste går gjennom planane for etablering av biogassanlegg på Melsgjerdet. Slik Norwaste vurderer talgrunnlaget, vil det vere viktig å hente inn noko matavfall frå næring, samt matavfallet frå SSR i tillegg til matavfallet frå VØR, ÅRIM og RIR, for å få ei berekraftig drift av biogassanlegget. Samarbeidet med landbruket er ein nøkkel til å lukkast.

Andre moglege etableringar i regionen

Norwaste viser til at regionen har eit potensial for å samle inn og behandle meir hageavfall enn i dag. Dette er ein ressurs som bør utnyttast betre i regionen, anten som kompost eller som biokull.

Norwaste avsluttar sin rapport med ei vurdering av tre scenarier:

Effekt	Halde fram som i dag	Samarbeid, men ikkje felles selskap^[1]	Eit felles selskap
Høve til å oppnå høg materialgjenvinningsgrad	Det er mogleg å få til, men vil krevje meir kompetanse.		På sikt mener vi [...] at et samlet selskap har økte muligheter for å klare å tilfredsstille nye krav til økt materialgjenvinning og reduserte klimagassutslipp.
Oppsamling og innsamling, herunder digitalisering og eventuelle effektiviseringsvinstar	Avgrensa høve til å samordne og effektivisere. Krevjande å digitalisere og automatisere.	Effektiviseringsgevinst er på innsamling og digitalisering kan være vanskeligere å realisere med en slik modell.	Et samlet selskap vil ha stordriftsfordeler på driften og ha større muskler når det er snakk om investeringer i nytt utstyr og anlegg. Dette gjelder også for utvikling av datasystemer. Det vil trolig være mulig å effektivisere deler av innsamlingen og intern- og uttransport av avfall. Det vil trolig også bli enklere å ivareta krav til arbeidsmiljø og

^[1] Norwaste skriv: I dette scenariet antar vi at selve selskapsstrukturen forblir den samme, men flere av elementene som anses som positive ved en sammenslåing legges inn i samarbeidsavtaler.

Effekt	Halde fram som i dag	Samarbeid, men ikkje felles selskap ¹¹	Eit felles selskap
			<p>industrivern når nye anlegg og ny infrastruktur hører til et selskap. Nye forventninger fra kunder og samarbeidspartnere til digitalisert virksomhet lar seg enklere realisere.</p>
<p>Utvikling av nedstrømsverksemd, verdiskaping og arbeidsplassar</p>	<p>I praksis vil meir av ressursane gå ut av regionen.</p>	<p>Eksempler på slikt samarbeid er Mjøsregionen, der man har blitt enige om å legge behandlingsanlegg i de tre selskapene GLØR (biogassanlegg-Mjøsregionen), Sirkula (forbrenningsanlegg) og Horisont (trevirke - bioenergianlegg). Anleggsstrukturen muliggjør effektivisering av avfallstransport gjennom utnyttelse av returtransport.</p>	<p>Økt volum avfall gir flere muligheter, bl.a. til å etablere nye anlegg, økt regional/lokal aktivitet og nye arbeidsplasser. Eksempelvis gjelder dette for anlegg for håndtering av matavfall, hageavfall og sortering av restavfall.</p>
<p>Samarbeid i regionen</p>	<p>Samarbeid vil vere ein føresetnad, men krev ressursar.</p>	<p>Eksempelet fra Mjøsregionen viser at det på anleggssiden er mulig å hente ut synergier uten å slå selskapene sammen. Noen av løsningene var imidlertid avhengig av anbud og det må gjøres juridiske vurderinger omkring disse løsningene. Dette antas å være mer komplisert enn det vil være når man har opprettet et samlet selskap.</p>	<p>Noen arbeidsplasser vil trolig bli borte eller flyttet gjennom effektivisering, men det er mulig å etablere langt flere nye gjennom å håndtere avfallet lengre ut i verdikjeden.</p>
<p>Kommunal styring av avfallstenesta</p>	<p>Nærheit til innbyggjarane, høve til sterkare</p>	<p>Mindre inngripen i eksisterende strukturer.</p>	<p>Et samlet selskap vil gi reduserte muligheter for</p>

Effekt	Halde fram som i dag	Samarbeid, men ikkje felles selskap ¹¹	Eit felles selskap
	direkte styring frå eigarkommunane.		direkte kommunal styring av avfallstjenestene, da langt flere kommuner går sammen om å styre utviklingen. Dette kan oppveies gjennom profesjonaliserte eierskaps- og styringsmodeller slik det er etablert i mange interkommunale selskaper.
Arbeidsmiljø og rekruttering	Usikkert om det faglege nivået kan oppretthaldast og aukast over tid.	En slik løsning vil også ha de samme utfordringene med å tiltrekke seg faglig kompetent personell.	Det vil trolig være mulig å tiltrekke seg mer kompetent personell i en organisasjon som har ambisjoner og størrelse som gjør dette mulig.

Vurdering

Rapportane gir ei dekkande oversikt over status i selskapa og synleggjer på ein god måte potensialet og moglege synergjar ved eit tettare samarbeid.

Det er ei rekke spørsmål som ikkje har fått ei brei omtale i rapportane. Både vurdering av næringsaktiviteten i selskapa, tilhøvet mellom Bingsa Gjenvinning AS og ÅRIM og arbeidet med tømning av slam og slambehandling er døme på tema det vil vere nødvendig å arbeide vidare med dersom eigarane ønskjer å gå vidare med å vurdere samarbeid.

Det er nye styreleiarar både i VØR og RIR i mai 2020. For å kome vidare med prosessen, vil styreleiarane i dei tre selskapa ha eit fellesmøte i Ålesund 27. mai. I mai 2020 har Søre Sunnmøre Reinhaldsverk hatt representantskapsmøte. Det har etter det administrasjonen i ÅRIM har fått opplyst kome klåre signal til styret i SSR om å «kople seg på» den prosessen som er starta. Styreleiar og dagleg leiar i SSR har imidlertid dessverre ikkje høve til å delta på møtet i Ålesund. Styra i VØR og RIR skal behandle rapportane tidleg i juni.

Vurderinga frå arbeidsgruppa er at styra i dei tre selskapa bør invitere representantskapsmedlemmene og andre representantar for eigarkommunane til eit webinar midt i juni. På dette webinarret kan vi presentere dei rapportane som er lagt fram og svare på spørsmål.

Parallelt med ein slik presentasjon av arbeidet så langt, meiner arbeidsgruppa at styra i selskapa bør starte arbeidet med å utforme ein intensjonsavtale for det vidare arbeidet. Det er eit mål å få behandla ein slik intensjonsavtale i representantskapa i dei involverte selskapa hausten 2020.

Organisering RiR, Årim, SSR og VØR

Selskapa RIR, ÅRIM, SSR og VØR er alle interkommunale selskap innafor avfallssektoren i Møre og Romsdal. Dei nemnde selskap er relativt like i oppgåver innan renovasjon og slam.

SSR har ikkje vore med på utgreiingsarbeidet i tidleg fase, men utifrå tilbakemelding frå Representantskapet i SSR, kjem dei no til å delta meir aktivt, så i opplistinga nedanfor, er dei derfor tatt med.

Dei fire selskapa har forskjellig organisering i høve eigedom. RIR, SSR og VØR er selskap stifta tidleg på 1980 talet med stort sett sjølv eigde eigedomar. (Nokre unntak. Tre av åtte leigde miljøstasjonar hos RIR og ein leigd mini gjenbruksstasjon hos VØR)

ÅRIM vart stifta i 2008, og er meir ein bestillar-organisasjon. Miljøstasjonar og kontorfasilitetar leiger dei med kommunane eller private.

Alle selskapa driv med innsamling i eigen regi. RIR har skilt ut innsamlinga i eige selskap, RIR Transport AS. Dei andre har transporten integrert i IKS selskapet.

Næringsdelen i selskapet varierar. RIR og VØR har skilt ut heileigde selskap med egne styrer egne daglege leiarar og egne tilsette. Dei andre har næringsaktiviteten i i IKS'et.

Nedanfor er ein tabell som gir ei oversikt over selskapa. Ikkje uttømmmande, men det får fram litt om kva selskapa står for.

Område	RIR	ÅRIM	SSR	VØR
Innbyggjarar	Ca 59.000	Ca 105.000	Ca 25.000	Ca 21.000
Eigarar	Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde og Rauma	Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ålesund	Hareid, Ulstein, Herøy og Sande	Volda og Ørsta
Tal tilsette	30	60	34	18
Gjenvinningsstasjon	8	10	3 + eigen greinplass	2
Næring	Heileigd: RIR Næring AS RIR Transport AS (Innsamling)	Næring er eiga avdeling i IKS-et sitt rekneskap	Næring er eiga avdeling i IKS-et sitt rekneskap	Heileigd: Retura Søre Sunnmøre AS
Leveringspris Gjenvinningsstasjon	Betaling for usortert og trevirke. Elles fritt	Fri levering av inntil 600 kg innafor gebyret	Betaling for usortert og trevirke. Elles fritt	Betaling for usortert og trevirke. Elles fritt
Forskrift	Felles	Felles	Felles unntak for slam, som gjeld 2 av 4 kommunar	Felles
Hushaldningsgebyr eks mva.	Kr 2990,- pluss kommunalt påslag	Kr 2879,- pluss komm. Påslag variabelt frå - kr 189,- til + kr 1097,-	Kr 3432,-	Kr 2795,20
Fritidshusegebyr	Kr 902,-	Kr 1425,- (Ålesund)	Kr 1065,-	Høg sats kr 1398,- Middels sats kr 838,- Låg sats 280,-
Tal fraksjonar henta	Mat, papir, plastsekk, rest og glas/metall	Mat, papir, plastsekk, rest og glas/metall. Mat Ålesund i 2022	Mat, papir, plastsekk og restavfall	Mat, papir, plastsekk, rest og glas/metall
Farleg avfall	Henteaksjonar 2 gangar pr år	Henteaksjonar 2 gangar pr år	Levering på Miljøstasjon	Raud boks og henteaksjonar 2 gangar pr år
Fakturering av abonnentane	Kommunane gjer det med ulikt påslag	Kommunane gjer det med ulikt påslag	Selskapet, med unntak av slam Herøy og Sande	All fakturering og innkrevjing utført av selskapet

2 juni 2020